

Vedlegg til konsesjonssøknad for Metveit Øvre (Uppigard), gnr. 65, bnr. 1.

Bakgrunn for søknaden:

- Underteikna, Ingebret Gaaren, er eigar av garden Askerud, gnr. 65, bnr. 9 i Kleivgrend, og driv med sauer, og har hatt beite og slått på Metveit Øvre / Uppigard i over 30 år. Dette har fungert svært bra.
- Metveit Øvre 65/1 ligg inni arealet som høyrer til Askerud 65/9, og delar eigedomen i to delar.
Dersom det ikkje lenger vert mogleg å bruke jorda til Metveit Øvre vil det gjere sauedrifta på Askerud tungvint, og driftsgrunnlaget vert sterkt avgrensa.
- Askerud er avhengig av Metveit Øvre for å byggje gode traktorveggar utan for stor stigning. Dette har mykje å seie for tømmerdrifter framover i tid.
Nå er det felles traktorveg frå tunet på Metveit Øvre / Uppigard og bortover mot Åsnuten. Dette kan lett medføre støy og konflikhtar i samband med drifta av skogen tilhøyrande Askerud. Denne problemstillinga fell bort ved ei samanslåing.
- Metveit Øvre og Askerud har felles grenser både i Kleivgrend og ved Øysævatn, og ei samanslåing vil vere viktig for tømmerdrifter i heimskogen, og for vilt- og fiskeressursane i utmarka.

Planar:

- Vi har ynskje om å byggje eit hus i stavlaft eller laft på den gamle muren på Uppigard. Dette er mogleg å få til ved å sage tømmer frå eigen skog. Vi har eiga sag, annan reiskap, ressursar og kompetanse til å gjennomføre dette på ein god og rimeleg måte. Huset skal i så fall nyttast av eigen familie eller som utleige til fastbuande.
- Jorda og beitet skal ryddast, grøftast og planerast. I tillegg skal overflatesteinen ryddast.
- Byggje gode og tenlege traktorveggar.


Konklusjon:

Ressursmessig er det viktig å leggje Metveit Øvre 65/1 ut som tilleggsjord. Det vil styrke det einaste bruket i Kleivgrend som ennå har sauedrift. Askerud 65/9 vil då få dei slått- og beiteressursane garden treng i framtida.

Ein tenkjer òg det er viktig å støtte / ta omsyn til dei som nå bur i grenda, og som driv gardsbruk, og som har tenkt å bli på gardane framover i tid.

Med dette håpar eg at kommunen ser positivt på søknaden om konsesjon på Metveit Øvre 65/1 som tilleggsjord for garden Askerud 65/9.

Med venleg helsing


Ingebret Gaaren